



Digital lese- og skrivestøtte for elevar med/ utan dysleksi

Dei siste åra har det vore ei viktig og naudsynt dreining i høve kva den tilpassa opplæringa skal romme. Tidlegare har digital lese- og skrivestøtte hovudsakleg vore øymerkt elevar med dysleksi, ofte stadfesta i ein sakkunnig vurdering frå PPT. Ny læreplan (LK20) og Opplæringslova syner derimot til viktigheita av å sjå individuelle behov og rettar i ein større samanheng: Elevmedverking, vurderingspraksis, digitale ferdigheiter, og god pedagogisk bruk av kompensierende hjelpemiddel er viktige stikkord i ein universell utforma pedagogisk praksis for alle.

PPT ser det hensiktsmessig for både lærarar og elevar (med og utan dysleksi) at digital lese- og skrivestøtte kan nyttast av alle. Dette er også i tråd med LK20 si vektlegging av grunnleggjande (digitale)ferdigheiter. For dei elevane som erfarer digital lese- og skrivestøtte som nyttig, er det no høve til å søkje rektor om bruk av dette, ved særskilt tilrettelegging til eksamen (jf. [Del V Eksamen \(udir.no\)](https://udir.no)). Tilgjengelege funksjonar som engasjerande lesar/talesyntese og diktering/tale til tekst (Office 365) må difor introduserast og implementerast i heile elevgruppa, slik at alle får høve til å erfare og vurdere kva nytte dei har av ulike kompensierende hjelpemiddel. Det fordrar mykje utforsking, øving, prøving og feiling, før eit hjelpemiddel kan vurderast som eigna til å avhjelpe eleven, og **det er skulen sitt ansvar at elevane får tileigne seg naudsynt erfaring og dugleik.**

PPT har jamlege møter og temasamlingar med tilsette i skulen, der ein vektlegg at tilgjengelege funksjonar for digital lese- og skrivestøtte har si plass i både spesialpedagogisk- og universell pedagogisk praksis. Det er nemleg naudsynt å endre noko på eigen praksis slik at elevane får høve til å dra nytte av digital lese- og skrivestøtte. Der lærar t.d. kopierer opp ein tekst til klassen, må denne skannast frå kopimaskina til e-post (vel Leveringsformat: *Word (.docx)-True page*) slik at dei elevane som treng det får høve til å nytte talesyntese/ markere teksten og få den lest opp. Tilrettelegging for bruk av digital lese- og skrivestøtte gjeld sjølvsagt også for leksearbeid. Skulen oppmodast vidare til å utarbeide gode rutinar og informasjon til elevar og føresette i høve særskild tilrettelegging ved eksamen, samt prosess kring melding av behov og søknad til rektor. Tilrettelegging krev også arbeid med organisatoriske løysingar knytt til elever sin rett til bruk av diktering i skulearbeid, på prøver og eksamen – der m.a. behov for fleire rom er ein relativt ny problemstilling.

Nasjonale prøver: Frå og med 31.08.2022 skal elevar med dysleksi og elevar med vedvarande lesevanskar få tilbod om å nytte lesestøtte ved gjennomføring av nasjonale prøver i engelsk og lesing. Det er skulen som skal leggje til rette for dette. Elevane kan nytte hjelpemiddel som dei elles nyttar i klasserommet (jf.: [Administrere nasjonale prøver \(udir.no\)](https://udir.no)).

For meir informasjon om tilrettelegging og god pedagogisk bruk av teknologi, anbefaler vi Statped si temaside om digital lese- og skrivestøtte: [Temaside om digital lese- og skrivestøtte | www.statped.no](https://www.statped.no)

Elevar som har dysleksi har rett til eige PC/Chromebook. Ved Alver kommune sine skular har alle elevar frå 5.-10.trinn eige elev-PC. For desse elevane søkjer ein difor oftast *ikkje* om tilskot til PC frå NAV Hjelpemiddelsentral. Ein forutset her at elev-PC er tilgjengeleg for eleven i alt skulearbeid, både på skulen og heime. Ved diagnostisert dysleksi søkjer skule og føresette NAV

Hjelpemiddelsentral om lisens på utvida program for lese- og skrivestøtte. Fleire skular har investert i *Lingdys Skole* til alle elevane, men det er likevel viktig at ein held fram med å søkje NAV om eiga, personleg lisens på utvida programvare (*Lingdys Pluss*) til elevar med dysleksi. Programvara er spesialutvikla for elever med dysleksi, og den personlege lisensen følgjer eleven vidare i skulegang og utdanning. Syner til dokumentet *Informasjon om stadfesting av dysleksi, søknad til NAV Hjelpemiddelsentral og Lingdys Pluss* for meir informasjon.

PPT kan bistå og rettleie skulen og elevar med dysleksi i høve bruk av utvida retteprogram. Ved ønske om spesifikk informasjon og opplæring i program rår vi likevel til at de deltek på kurs/webinar frå leverandør, då det er dei som er fremste ekspert på eigne produkt. På heimesida finn de informasjon, brukarstøtte og påmelding til kurs for ulike målgrupper:

 Lingit (*Lingdys Skole* og *Lingdys Pluss*): [Webinar - Lingit](#)

